



**Jobbnorge-ID:** 65592  
**Søknadsfrist:** Avsluttet  
**Nettside:**  
**Omfang:**  
**Varighet:**

## Forskar i evolusjonær utviklingsbiologi - mellombels stilling

Ved Institutt for biologi (BIO - [www.uib.no/bio](http://www.uib.no/bio)) er det ledig ei mellombels forskarstilling i evolusjonær utviklingsbiologi ved prosjektet "Deciphering embryonic segmentation: genes that control the repeat pattern of the vertebral column", finansiert av Forskningsrådet. Tilsettingsperioden er ut 2012.

Stillinga er knytt til forskargruppa i vertebratevolusjon og utvikling ([www.uib.no/fg/veu](http://www.uib.no/fg/veu)), som arbeider med embryonal segmentering med fokus på utvikling av notochord og ryggrad.

I prosjektet vil laks og sebrafisk verte anvendt som modelldyr. Problemstillingar i prosjektet er knytt til gen som styrer segmentering av notochord og ryggrad, og har som siktemål å avdekkje grunnleggjande utviklingsbiologiske mekanismar hos vertebratar.

Kompetanse innan utviklingsbiologi hos vertebratar og molekylærbiologiske forskingsmetodar, vil verte vektlagd. Vidare vil også erfaring i handtering og mikrodisseksjon av embryo og tidlege yngelstadium vere relevant.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til professor Geir K. Totland ([Geir.Totland@bio.uib.no](mailto:Geir.Totland@bio.uib.no) / tlf. (+47) 55 58 35 90).

Søklarar må ha oppnådd norsk doktorgrad eller tilsvarende utanlandsk utdanning innan relevante fagfelt, eller ha levert doktoravhandlinga si til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at avhandlinga er godkjend før tilsetjing kan skje.

Løn etter lønnssteg 57 (kode 1109/LR 24.1) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønssteg 57-64). For særleg kvalifiserte søklarar kan det vurderast høgre løn.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad skal sendast elektronisk via lenkje på denne sida: "SØK PÅ JOBBEN".

Søknaden skal innehalde CV med liste over faglege publikasjonar og presentasjonar, kopi av vitnemål/karakterutskrift og kopi av publikasjonar.

I tillegg skal søknaden innehalde ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga og dessutan namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar.

**Søknaden skal merkes: 10/2574**

**Søknadsfrist: 31. mars 2010**

### Tilleggsinformasjon

**Arbeidssted:**